

## **Styremøte i VBK**

**Tid:** **Onsdag 28.feb kl 18.00**  
**Stad:** **Biblioteket**

### **Til stades:**

Solveig, Petra, Mette V, Mette M, Bjørg, Magnhild

**Opning;**  
Ord for kvelden v/Solveig

## **Saker**

### **8/24 Referatsaker, orienteringar**

Søndagsmiddagen som var tiltenkt arrangert på Jordbærstova den 18 febr. vart avlyst grunna for liten påmelding. Kan hende må ein tenkje alternative tidspunkt for å arrangere dette komande år.

Laget har motteke fint takkekort for fødselsgåve som vart vist fram i møtet.

Bygdafesten den 23. mars der laget har fått i oppdrag å stille med to medhjelparar samt ei skuffekake, ser ut til å vere ordna. Ein avventar nærmare informasjon frå arrangementsansvarleg på kva oppdraget inneber/omhandlar.

Mette M har vore i kontakt med Sigrid Moldestad for å sjekke ut om det vil vere mogleg å få henne hit for ein konsert, følgjer opp dette til hausten.

Judith Krogh hadde avtalt med leiaren å kome innom møtet, ho tok biletet av nytt styre og legg det på laget si heimeside.

### **9/24 Aktivitet 5.mars, 8.mars**

Arrangementet den 5. er i boks. Mette M har hatt kontakt med vertinnegruppa for denne kvelden. Det vert enkel servering og åresal.

Interessant program der Øivind S Kleppe vil fortelje om jobben sin i Stiftelsen Norsk Luftambulanse. Møte er ope for alle.

Arrangementet på Kvinnedagen 8.mars skal vere på kantina på Valldal skule, og er eit samarbeid mellom fleire politiske parti, lag og organisasjonar.

Bygdekinnelaget bidreg med eplesaft frå Linge som gáver til arrangementet, Solveig ordnar dette. Elles ingen oppdrag den kvelden.

### **10/24 Årets lag**

Frist for innmelding av søknad er sett til 1.mars, og skal sendst til Norges Bygdekinnelag. Årets kåring vert kunngjort i Ålesund i juni 2024.

Det vart sendt inn ein grundig grunngjeven søknad sist år for arbeidsåret 2022. Dette året var det svært stor aktivitet i laget. 90års-jubileum med utgiven bok i tillegg til mykje anna.

Styret ser ikkje at ein bør sende inn ny søknad i år, kan vere greitt å avvente litt ettersom ein ikkje nådde opp førre år med den aktiviteten og engasjementet som hadde vore då.

## **11/24 Kurs – prosjekt Nøysemد**

Ein såg at sak om kurs og tiltak innanfor prosjektet Nøysemد heng saman.

Kan nytte nøysemد-prosjektet i samarbeid med kurs avvikla både for barn, ungdom og vaksne.

Ein del søkeradsutfylling for å få tilskot til ulike tiltak gjennom Nøysemد. Søknad skal sendast til Norges Bygdekvinnefag.

Kursa kan ev. knyttast til ulike årstider, t.d.

*Vår: - Kurs relatert til eks. tekstuil*

*Haukt: - Kurs i div knytt til sanking.*

Solveig, Bjørg og Mette V følgjer opp og planlegg vidare for første kurs og knyter til seg ev. fagpersonar som kan vere kurshaldarar/rettleiarar.

*Solveig kallar inn til første møte.*

## **12/24 Eventuelt**

### **Økonomi:**

Status for økonomien samt kontoutskrifter for siste månadane vart sett på.

Truleg ein gevinst i å ha kun til nødvendig drift på brukskontoen, og heller overføre meir til høgrentekonto. *Petra følgjer opp.*

### **Skidag for 5.-10. klasse ved Valldal skule:**

Det er kome forespurnad frå FAU om laget kan bidra med eit tilskot for at elevane skal få avvikle skidag, sidan skulen ikkje kan koste dette.

Styret vedtek å bidra med kr 2000,- til dette tiltaket. *Petra følgjer opp.*

### **Olsok 2024**

Bjørg, Mette, Magnhild var med å planlegge dette i 2023.

Ein bør tenkje ut korleis vi skal handtere dette i 2024. Bjørg har ikkje ønskje om å halde fram.

Eit arrangement som kan gje laget gode inntekter, men som føreset god gjennomføring.

Møtet slutt kl 19.45

Magnhild  
skrivar